

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Sissel Lillebø Aarseth, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 16/9603-8

### Utviklingsavtale Forum for natur og friluftsliv (FNF) 2018 -2019

#### Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Hovudutvalet tek til vitande at samarbeidet mellom Forum for natur og friluftsliv og Sogn og Fjordane fylkeskommune vert vidareført i 2018 og 2019 gjennom utviklingsavtale, og at fylkesdirektøren nyttar avsette budsjettmidlar til friluftslivsføremål og folkehelse inn i avtalen. Hovudutvalet tek også til vitande at fylkesrådmannen legg inn midlar frå klimabudsjettet i denne avtalen.
2. Hovudutval for næring og kultur gir også eit tilskot på kr 200 000 for 2018 til prosjektet «Ung meistring i vill Vestlandsnatur» i regi av Sogn og Fjordane turlag med budsjettdekning teneste 4802 HNK til disposisjon.
3. Søknad frå FNF om lønsmidlar på kr 100 000 vert avslått. Det vert vist til at det i avtalen er lagt inn grunnstøtte til FNF, og denne er føresettt å dekke driftskostnader for FNF, inkludert lønskonstanter.
4. Prosjektsøknad frå Sogn og Fjordane jeger- og fiskerforbund vert avslått. Det vert her vist til at prosjektsøknaden omtalar ordinær organisasjonsaktivitet, og ikkje fyller krava til eit prosjekt. I avtalen er lagt inn grunnstøtte til organisasjonen, og denne kan nyttast fritt til å støtte opp om og gjennomføre planlagte aktivitetar. Hovudutvalet viser elles til at organisasjonen kan søkje statlege aktivitetsmidlar som fylkeskommunen forvaltar, og ventar at fylkesdirektøren sørgjer for at moglege aktuelle søknader frå Sogn og Fjordane jeger- og fiskerforbund vert vurdert innan den budsjetttramma som der gjeld.
5. Budsjettdekning for dei ulike prosjekt og driftsmidlar vert vist i kapittel 4 i saksframstillinga.

#### **Vedlegg:**

1. Framlegg til utviklingsavtale 2018 – 2019

#### **Andre relevante dokument i saka:**

## SAKSFRAMSTILLING

### **1. Samandrag**

Forum for natur og friluftsliv er eit samarbeidsnettverk for 9 natur- og friluftslivsorganisasjonar i Sogn og Fjordane. Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer å koordinere samarbeidet med desse organisasjonane gjennom ei felles utviklingsavtale og ta ut meirfordelane ein oppnår ved eit koordinert samarbeid. Utviklingsavtala inneheld både samarbeidstiltak, driftstilskot og prosjekttilskot.

## **2. Bakgrunn for saka**

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Forum for natur og friluftsliv har frå 2013 - 2016 hatt utviklingsavtalar, både med FNF og med medlemsorganisasjonane deira. Det har vore arbeid med å få ei ny avtale på plass sidan 2017, av ulike årsaker har dette ikkje lukkast. Fylkesdirektøren beklagar dette og ønskjer å få ein ny avtale på plass så raskt som mogleg.

Det er utarbeidd eit opplegg for etablering av en ny avtale, med ein tidsplan. Denne er følgt opp så langt, og det som står att er å finansiere dei tiltaka FNF har søkt om. Finansieringa er eit spleiselag av ulike fylkeskommunale midlar. M.a. midlar som står til HNK sin disposisjon, folkehelsemidlar, midlar frå klimabudsjettet og næring og kultur sitt budsjett.

Fylkesdirektøren ønskjer å inngå ein avtale med FNF som omfattar alle medlemsorganisasjonane til FNF. Dette for å ha ei heilskapleg tilnærming til arbeidet med friluftsliv og slik nytte ut gevinstane ved at arbeidet internt blant friluftslivsaktørane vert koordinert. Sidan FNF er eit koordinerande organ er det etter avtale med FNF likevel fylkeskommunen som prioritetar kva prosjekt som går inn i utviklingsavtalen etter prosjektsøknader frå medlemsorganisasjonane.

FNF har søkt om midlar til følgjande tiltak inn i ein ny utviklingsavtale:

<b>Tiltak</b>	<b>Søknadssum</b>	<b>Budsjett 2018 Kostnad / Eigendel</b>	<b>Tilskot 2017</b>
NJFF - Drift	150 000		150 000
NVF - Drift	200 000		100 000
SFT- Drift	300 000		200 000
FNF - Drift	200 000		180 000
Lønsmidlar FNF, koordinator	100 000		0
<b>Sum</b>	<b>950 000</b>		<b>630 000</b>
NJFF, aktivitet, fagdagar, seminar	150 000		
NVF, aktivitet og seminar	150 000		
SFT, ung meistring i vill Vestlandsnatur	500 000	800 000 / 300 000	
FNF, startpunkt i sentrum.	300 000	350 000 / 50 000	
<b>Sum</b>	<b>1 100 000</b>		
Totalt	2 050 000		

### 2.1. Historikk

#### **Om FNF**

FNF Sogn og Fjordane er eit samarbeidsnettverk mellom natur- og friluftslivsorganisasjonar i Sogn og Fjordane. Føremålet er å styrke organisasjonane sitt arbeid med å ta i vare natur- og friluftslivsinteressar i aktuelle saker i Sogn og Fjordane fylke.

FNF Sogn og Fjordane er ein møteplass for samarbeid mellom dei tilslutta organisasjonane der saker av felles interesse vert diskutert og oppgåver vert fordelt. FNF er også ein arena for natur- og friluftslivsfaglig kompetansebygging i organisasjonane.

FNF Sogn og Fjordane kan være eit felles talerør/felles representant for dei tilslutta organisasjonane i konkrete saker når det er einigheit om det.

Desse organisasjonane har slutta seg til FNF Sogn og Fjordane:

- Sogn og Fjordane Turlag (SFT)
- Forbundet Kysten ved Kystlaget Hornelen
- Naturvernforbundet (NVF)
- Norges Jeger og Fiskerforbund (NJFF)
- Norges Speiderforbund
- NOF avd. Sogn og Fjordane
- Fortidsminneforeningen avd. Sogn og Fjordane
- Klatreklubbene ved Sogndal klatreklubb
- Gloppen Padleklubb

## Utviklingsavtaler

Utgangspunktet for stønad til frivillig sektor i Sogn og Fjordane er det same som i nasjonal politikk på området, nemleg at det vert løyvd driftsstønad til regionale lag og organisasjonar med kulturføremål. Det er ikkje lagt føringar for driftsstøtta utover at laget skal arbeide for å oppfylle eige føremål. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil tillegg kunne yte stønad til prosjekt, her legg vi vekt på at prosjekt skal vere med på å oppfylle regionale mål på området. Dette kan vere mål knytt til regional planstrategi eller uttrykt i budsjett og fagplanar. Arbeidet i høve til frivillig sektor vert koordinert mellom dei ulike avdelingane i fylkeskommunen, og denne avtala er eit samarbeid mellom plansjefen og direktør for næring og kultur.

Utviklingsavtaler er eit samarbeid for å utvikle og forsterke organisasjonane og fylkeskommunen sitt arbeid. Organisasjonane har kompetanse som er viktig for fylkeskommunen og vice versa. Saman skal ein finne samarbeidsformer som gjer at komplementær kompetanse vert nytta og utvikla til beste for begge partar og for samfunnet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFFK) ser det som viktig å støtte frivillig verksemd i fylket. Det er ein kvalitet i Sogn og Fjordane å ha eit mangfald av organisasjonar. Frivillig sektor er, gjennom kontinuerleg organisasjonsarbeid og aktivitetsutvikling, ein stor og viktig aktør i Sogn og Fjordane. Utviklingsavtaler sikrar meir føreseielege driftsvilkår for organisasjonane. Dei skal medverke til at organisasjonane held fram med å skape trivsel og verdiar i heile fylket, gjennom frivillig arbeid og er ein lekk i arbeidet med å følgje opp regionale mål og strategiar.

Effektar ein ønskjer å oppnå er at:

- Fylket har kulturopplevingar som gir eit rikare liv og bygger identiteten vår.
- Fylket har jamna ut sosial ulikskap og har innbyggjarar med høg trivsel og opplevd livsmeistring, frå vogge til grav.
- Eit inkluderande friluftsliv, «alle skal med».
- Saman frå til klimaomstilling i Sogn og Fjordane.

## Tidlegare avtaler

FNF har tidlegare hatt desse avtalane:

Avtaleår	Utviklingsavtaler FNF	2013-15	2016
13-15	<b>FNF</b> Driftsstønad Prosjektstønad: Naturbasert friluftsliv	180 000 300 000	
13-15, 16	<b>Sogn og Fjordane Turlag</b> Driftsstønad Prosjekt, styrke kompetanse til turleiarane Driftsstønad Prosjektstønad; Ung meistring i vill natur	200 000 500 000	50 000 150 000
13-15	<b>NJFF SF</b> Driftsstønad Prosjektstønad, Rekruttering til jakt/fiske/friluftsliv Human jakt Modell for småviltforvaltning	150 000 257 000	
13-15	<b>Naturvernforbundet</b> Driftsstønad Prosjektstønad, Utsleppsreduksjon og energisparing	100 000 50 000	

## Eksisterande avtaler

Fylkeskommunen har p.r. no 3 eksisterande utviklingsavtaler med frivillig sektor.

- Sogn og Fjordane idrettskrins, gjeld 2017 - 2019
- Gloppen musikkfest, gjeld 2016 - 2018
- Sogn og Fjordane ungdomslag, Huset i bygda, gjeld 2017-2019.

## 2.2. Andre opplysningar

Sidan finansieringa i denne utviklingsavtala er eit spleiselag av ulike fylkeskommunale midlar der ein har ulike fullmakter vil framlegg til vedtak i saka kun gjelde midlar som HNK disponerer samt avslag på søknader. I tillegg vil fylkesdirektøren i konklusjonen vise samla tilskot, som vil omfatte midlar som står til HNK sin disposisjon, folkehelsemidlar (fylkesdirektøren har fullmakt til løyving), driftsmidlar frå klimabudsjettet (plansjefen si fullmakt) og næring og kultur sitt budsjett for 2018 (fylkesdirektøren si fullmakt).

## **3. Vurderingar av prosjektsøknadar**

### 1. Norges jeger- og fiskarforbund Sogn og Fjordane: «Jakt-, fiske-, og friluftsglede for alle – for alltid» Søkjer om 150.000 kr.

#### **Skildring**

Søknaden inneheld tydelege mål og gir eit godt bilete av aktivitetane ein planlegg å gjennomføre i løpet av året, søknaden framstår likevel som lite utfyllande. Dei presenterer eit bredt utval av kurs og aktivitetar innan jakt, noko mindre innan fiske. Dei syner også eit tydeleg fokus på kvinner og ungdom, noko dei sjølv nemner som ein styrke. Når det gjeld friluftsliv har dei ein aktivitet som har fokus på friluftsliv i seg sjølv, elles er det jakt som har hovudfokus, med friluftsliv som ein positiv konsekvens av å gå på jakt. Dei ser på seg sjølv som ein aktør som arbeidar for å få «folk flest» ut i naturen. Søknaden seier ikkje noko om marknadsføring eller om kor mange deltakarar dei ser føre seg vil gjennomføre aktivitetane. Søknaden om grunnstøtte seier likevel noko om medlemstal (3500).

Dei søkjer ikkje om stønad til eit spesielt prosjekt, men som delfinansiering til alle aktivitetane dei planlegg i ein samla pott. Økonomien verkar uklår då ein ikkje har sett opp noko kostnads- og finansieringsbudsjett. Dei peikar likevel på at dei får stønad frå miljødirektoratet, i tillegg til deltakaravgifter og eigenkapital, som saman med eventuelle prosjektmidlar vil dekke kostnadane. Søknaden gjev også inntrykk av å ønskje midlar for fleire år, sjølv om dette ikkje er spesifisert.

#### **Vurdering**

Slik fylkesdirektøren les denne søknaden, er denne å rekne som ein aktivitetsoversikt for organisasjonen for 2018, og ikkje ein prosjektsøknad. Organisasjonen får tilskot til drift, og kan nytte denne fritt til å bygge opp under eigen aktivitet. Dei kan også søkje på statlege mildar som fylkeskommunen forvaltar til friluftslivsaktivitet, jakt og fiske. Fylkesdirektøren vil sørgje for at moglege aktuelle søknader frå Sogn og Fjordane jeger- og fiskerforbund vert vurdert innan den budsjetttramma som der gjeld.

Tilråding: søknaden vert avslått.

### 2. Naturvernforbundet: aktivitet og seminar. Søkjer om 350 000 kr.

#### **Skildring**

FNF og Naturvernforbundet er viktige aktørar for å nå det overordna målet i Regional plan for klimaomstilling om «saman å få til klimaomstilling i Sogn og fjordane». Fylkeskommunen ser spesielt Naturvernforbundet som ein viktig partner i å nå temamåla knytt til forbruk og klimakunnskap og klimakommunikasjon:

I samarbeidsavtalen er følgande av Naturvernforbundet sine aktivitet for 2018 er aktuelt å støtte knytt til måla i Regional plan for klimaomstilling:

- Møteplasser med KLIMA som tema i samarbeid med Rom For Ord.
- Andelslandbruk
- Klesbytedag
- ØKOveke
- Drift av nettsida og facebook-side
- Plast oppdrag til 9. klasse i Naustdal

Ved vedtak av Regional plan for klimaomstilling i juni 2018 kan SFFK kalle inn til eige møte for å revidere samarbeidsavtalen, dersom innhaldet i ny regional plan gjer dette naudsynt.

**Vurdering**

Plansjefen sluttar seg til å disponere 150.000 kr årlig frå klimabudsjettet inn i samarbeidsavtalen med FNF i perioden 2018 og 2019. Midlane skal tildelast som driftstøtte til Naturvernforbundet Sogn og Fjordane. Det har tidlegare vore fordelt som driftstøtte og prosjektstøtte.

Tilråding frå plansjefen: 150 000 kr frå klimabudsjettet, teneste 7154.

3. Sogn og Fjordane turlag: Prosjekt «Ung meistring i vill vestlandsnatur».  
Søkjer om 500.000 kr.

**Skildring**

Søknaden er retta mot å opprette ei prosjektstilling som «ungdomsturleiar», tilsvarande prosjektet som gjekk frå 2014-2016. Søknaden (datert 19.01.18) må sjåast i samanheng med brev sendt til fylkesordføraren (datert 27.01.18). Prosjektet rettar seg heilt tydeleg mot ungdom, med målsetting å styrke SFT (DNT) si ungdomssatsing, og auke rekrutteringa i denne målgruppa. Ein ønskjer m.a. å utvide bredda i friluftslivs-aktivitetar ut over kjerneaktiviteten «å gå fjelltur». SFT har allereie hatt eit tilsvarande prosjekt 2013-2015, og dei syner til auke i medlemstala under og i etterkant av dette prosjektet, med 30 % auke i 2016, og 19 % auke i 2017.

Ein har tydelege mål og strategiar for prosjektet. Desse verkar gjennomarbeidd og fylkesdirektøren vurderer at det ved oppretting av ei slik prosjektstilling bør vere mogeleg å gjennomføre strategiane. Ungdomssatsinga i SFT er og styrka gjennom oppretting av eit eige ungdomsutval (DNT Ung Sogn og Fjordane), og ein ser føre seg at prosjektstillinga skal ha ei rolle som ressursperson ovanfor dette utvalet.

Førre prosjekt gjekk over tre år. Søkjjar ser føre seg eit fleirårig prosjekt også denne gongen. Eit enkelt kostnads- og finansieringsoppsett syner korleis økonomien per år er planlagt. SFT er per i dag finansiert primært gjennom medlemstilskot og støtte frå fylkeskommunen.

Til slutt kan det også nemnast at DNT har 150 års jubileum i 2018.

**Vurdering**

Prosjektet er godt gjennomarbeidd i og med at det allereie har vore gjennomført i tre år. Fylkesdirektøren vurderer om eit tiltak som allereie er støtta med prosjektmidlar i fleire år framleis kan vurderast under prosjekt. Alternativet er at organisasjonen, om dei vurderer at tiltaket skal vidareførast, inkluderer tiltaket i drift av organisasjonen.

Fylkesdirektøren ser at prosjektet har vore vellukka og oppnådd mål i regional plan for fysisk aktivitet om rekruttering av nye grupper til fysisk aktivitet. På bakgrunn av dette rår fylkesdirektøren til at vi likevel, ut frå tiltaket sin positive karakter vil løyve 200 000 kr i 2018.

Tilråding: 200 000 kr frå teneste 4005 HNK til disposisjon.

4. Forum for natur og friluftsliv: «Startpunkt i sentrum». Søkjer om 300.000.

**Skildring**

Målet med prosjektet er å opprette «sentrumsvardar» med variert informasjon og startmerking av turruter og arenaer for fysisk aktivitet i nærmiljøet som kan nåast til fots, eller med sykkel, bl.a. sykkelruter, badeplassar, båtplassar, fiskeplassar, ballbingar, klatreparkar osv. Varden kan også ha ein møteplassfunksjon og kan koplast til turist-informasjon. Det skal vere eit lågterskeltilbod og er tenkt som eit verkemiddel i SFFK sin visjon «fysisk aktivitet for alle». Ein ser føre seg at prosjektet vil krevje samarbeid med lokale lag og organisasjonar, samt kommunen. Samstundes tenkjer ein at det også kan nyttast som eit ledd i danning av kommunale aktivitets og friluftsråd. Søkjjar har sett opp eit enkelt årsbudsjett som syner kostnadane og korleis dette er tenkt finansiert.

Søknaden seier ikkje noko om omfanget av prosjektet med tanke på tal kommunar/sentrum ein ser føre seg å etablere slike «sentrumsvardar». Den seier heller ikkje noko om tidsramma, ut

over at dei søker midlar for 2018, men ein kan og sjå dette i samanheng med tidshorisonen på utviklingsavtala mellom FNF og SFFK.

### Vurdering

Fylkesdirektøren vurderer at dette er ein god prosjektide, men at prosjektet er vagt formulert og det må klargjerast noko for at fylkeskommunen kan gå inn med midlar i det omfang det her vert søkt om. Fylkesdirektøren rår til at prosjektet vert konkretisert og det må setjast tydelegare mål. Fylkesdirektøren viser til at ein veg vidare kan vere i form av ei forstudie knytt til samarbeid med 2-3 kommunar. Dersom dette vert gjort vil fylkeskommunen gå inn med eit tilskot til eit forprosjekt på inntil 50 000 kr. Det vert føreset at FNF må leggje inn tilsvarende midlar.

Tilråding: 50 000 kr frå folkehelsemidlane, teneste 4802.

## 4. Vurderingar og konsekvensar

Fylkesdirektøren vurderer at utviklingsavtale er ein god arbeidsform i samarbeidet med FNF for å oppnå regionale mål. Det er eit koordineringsbehov både frå FNF si side og fylkeskommunen i denne type fagfelt, der aktørane er mange og behov og tiltak er variert. Fylkesdirektøren meiner at ein er på riktig veg med å etablere ein felles avtale med FNF.

Utviklingsavtalen skal synleggjere det arbeidet som vert gjort på feltet, også samarbeid og tiltak ein kan gjere saman for å styrke feltet, uavhengig av økonomi. Fylkesdirektøren vurderer det som viktig å synleggjere samhandlginga på feltet.

Det er ei utfordring å koordinere finansiering av tiltak i eit «spleiselag» av ulike ordningar slik det er gjort her. I tillegg kjem statlege midlar frå miljødirektoratet til føremålet. Hovudutvalet får orientering om desse løyvingane når tildeling er gjort.

### 4.1. Oversikt over tildeling til FNF 2018

Tiltak	Søknadssum	Kostnad / Egendel	Løyving	Kommentar
Drift – NJFF SF	150 000		150 000	Friluftsliv - teneste 7164
Drift – NVF SF	200 000		150 000	Klimabudsjettet - teneste 7154
Drift - SFT	300 000		250 000	Friluftsliv - teneste 7164
Drift - FNF	200 000		200 000	Friluftsliv - teneste 7164
Lønsmidlar FNF, koordinator	100 000		0	Avslag
<b>Sum</b>	<b>950 000</b>		<b>700 000</b>	
NJFF, aktivitet, fagdagar, seminar	150 000		0	Avslag
NVF, aktivitet og seminar	150 000		0	Driftstilskot
SFT, ung meistring i vill Vestlandsnatur	500 000	800 000 / 300 000	*200 000	HNK til disposisjon - teneste 4005
FNF, startpunkt i sentrum.	300 000	350 000 / 50 000	50 000	Folkehelse - teneste 4802
<b>Sum</b>	<b>1 100 000</b>		<b>300 000</b>	
Totalt	2 050 000		1 000 000	

\*Ev. løyving i HNK

## 4. Konklusjon

Det vert inngått utviklingsavtale med FNF 2018 – 2019 som vist i vedlegg. Tildeling av drifts- og prosjektmidlar 2018 vert som vist i saka.